



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hedmark fylkeskommune
Postboks 4404 Bedriftssenteret
2325 HAMAR

Deres ref

Vår ref

Dato

19/191-1

8. januar 2019

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2019 – tilskot til Hedmark fylkeskommune under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk – ramma er fastsett til 45,840 millionar kroner

Tilsegn nr: 505 004.

1 Innleiing

Vi syner til Prop. 1 S (2018–2019) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2018-2019). Departementet følgjer opp budsjettvedtaket frå Stortinget for 2019 av 14. desember 2018 gjennom dette oppdragsbrevet.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandler
Ellinor Kristiansen
22 24 70 26

Innhald

1	Innleiing	1
2	Regional- og distriktpolitiske mål	3
3	Ramme til distrikts- og regionalpolitiske formål	3
4	Forskrift	3
5	Mål for fylkeskommunane sin innsats	4
5.1	<i>Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta</i>	4
5.2	<i>Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar</i>	5
6	Anna relevant innsats for fylkeskommunane	5
6.1	<i>Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa</i>	6
6.2	<i>Transnasjonale og interregionale Interreg-program</i>	6
7	Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunane	6
7.1	<i>Fylkeskommunane sin regionale samfunnsutviklarrolle</i>	6
7.2	<i>Samarbeid med verkemiddelaktørane</i>	6
7.3	<i>Støtte til næringshagar og inkubatorar</i>	7
7.4	<i>Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)</i>	7
7.5	<i>Samarbeid med kommunane</i>	7
8	Rapportering, evalueringar og kontroll	7
8.1	<i>Registrering av rammer og tilsegner</i>	7
8.2	<i>Bruk av stikkordet «kan nyttast under»</i>	7
8.3	<i>Evalueringar og rapportering av resultat og effektar</i>	8
8.4	<i>Kontroll</i>	8
9	Fristar i 2019 og 2020	8
10	Pågåande prosessar	8
10.1	<i>Regionreformen</i>	8
10.2	<i>Arbeid med ny distriktsmelding</i>	9
12	Avslutning	9
13	Vedlegg	10

2 Regional- og distriktpolitiske mål

Målet for regional- og distriktpolitikken er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert befolkningssamansetjing, og forvaltar ressursane, både dei menneskelege og naturen, for utvikling og verdiskaping, no og i framtida.

3 Ramme til distrikts- og regionalpolitiske formål

Den samla løyvinga til fylkeskommune er på om lag 622 millionar kroner for 2019. Vedlegg 1 syner fordelinga av løyvinga for kvar einskild fylkeskommune, og vedlegg 4 syner fordelinga for løyvinga for heile programkategorien. Løyvinga til Hedmark fylkeskommune er fordelt i tabellen under.

Tabell 1 Mål, kap./post og løyving (i 1000 kroner) for 2019 til Hedmark fylkeskommune

Hovudmål	Delmål	Kap./post	Nemning	Løyving
1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar	550.62	Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	29 200
	1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar	550.64	Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn	6 100
2 Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse	553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse	2 000
	2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene	553.63	Grenseregionale Interreg-program	4 540
	2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga	553.65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden	4 000
Sum				45 840

Fylkeskommunane har høve til å omdisponere mellom post 62 og post 64 på kap. 550, og mellom post 60, post 63 og 65 på kap. 553. Det er ikkje høve til å omdisponere mellom kapitla.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot, utan krav om tilbakebetaling, jf. romartalsvedtak X i Prop. 1 S (2018–2019). Det vil seie at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av løyvingsår.

4 Forskrift

Føresegn om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskuddsposter forvalta av fylkeskommunane ([Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler](#)) – tok til å gjelde frå 1. juni 2018, for følgande kapittel og postar:

- kap. 550, post 64 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn
- kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse
- kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden

Retningslinene til føresegn frå 2013 gjeld ikkje lenger. Gjeldande føresegn er lagt ved, sjå vedlegg 5.

5 Mål for fylkeskommunane sin innsats

Departementet viser til føresegn for omtale av mål, målgruppe, kriterier for måloppnåing, tildelingskriterier og rapportering for dei postane forskrifta gjeld. Det er viktig at fylkeskommunen set seg grundig inn i føresegna.

5.1 Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta

Delmål 1.1: kap. 550, post 62: Bedriftsretta låne – og tilskotsordningar i distrikta

Den samla løyvinga er 453,09 millionar kroner. 47,59 millionar kroner av dette er administrasjons- og gjennomføringskostnader som blir overførte direkte til Innovasjon Noreg. Posten omfattar investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, distriktsretta risikolån og garantiar og distriktsretta etablerartilskot. Innovasjon Noreg forvaltar midlane på oppdrag frå fylkeskommunane.

Målet for alle ordningane er å bidra til eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstander. Målgruppa er små og mellomstore bedrifter og entreprenørar innanfor virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

Dei viktigaste kriteria for måloppnåing for alle ordningane, er verdiskaping¹, sysselsetjing, nyskaping og omstilling. Det blir lagt vekt på at innsatsen skal gje positive ringverknader for lokalsamfunnet og næringsmiljøet. Ordningane skal avlaste risiko og utløyse utviklingsprosjekt i bedrifter. Alle midlane skal nå fram til bedrifter i virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Innovasjon Noreg skal vurdere søknader etter kvalitet. Det eit mål at minst 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til bedrifter med kvinneleg leiar eller eigar.

Fylkeskommunane skal sende oppdragsbrev til Innovasjon Noreg **seinast 1. mars**, med kopi til departementet. Departementet tilrår at fylkeskommunane nyttar vedlagde mal for oppdragsbrev (sjå vedlegg 6).

Det er utarbeidd nye retningsliner for forvaltning av løyvinga til Innovasjon Noreg, sjå vedlegg 7.

Delmål 1.2: kap. 550, post 64: Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn

Den samla løyvinga på 50 millionar kroner skal bidra til å inkludere tilflyttarar, styrke sårbare næringsmiljø og styrke kommunane si evne til å planlegge, mobilisere og samarbeide og gjennomføre utviklingstiltak.

¹ Verdiskaping (bruttoprodukt) skildrar verdiauken eller tilleggsverdien som ei bedrift gjev eit produkt eller ei teneste. For å måle verdiskaping har Innovasjon Norge nytta resultatet i selskapet før renter, skattar og avskrivningar, korrigert for opp-/nedskrivningar (EBITDA) pluss lønn.

Fylkeskommunen må rapportere på forventa langsiktige verknader av tiltak, der det kjem meir enn 500 000 kroner frå posten. Rapporteringsskjema som ligg på regionalforvaltning.no skal nyttast til dette.

5.2 Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar

Delmål 2.1: Kap. 553, post 60: Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse

Den samla løyvinga på 47 millionar kroner skal vere med på å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø, og betre koblingar mellom bedrifter og relevante utdanningsmiljø for å møte næringslivets behov for kunnskap og relevant arbeidskraft.

Delmål 2.2: Kap. 553, post 63: Grenseregionale Interreg-program

Den samla løyvinga på 52,736 millionar kroner skal dekke den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i programma Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Sverige–Noreg, Botnia–Atlantica, Nord og Kolarctic. Midlane blir forvalta av dei deltakande fylkeskommunane og overførte til dei fylkeskommunane som er sekretariat for kvart enkelt Interreg-program. Dette inneber at den utbetalte ramma vil avvike frå den tildelte ramma i vedlegg 1. Ei oversikt over fylkeskommunane og sekretariata er å finne i vedlegg 2.

Målet med Interreg er smart, berekraftig og inkluderande vekst og sosial integrasjon, gjennom samarbeid over landegrensene. Programdokumenta regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapporten.

Delmål 2.3: Kap. 553, post 65: Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden

Den samla løyvinga på 79,856 millionar kroner skal vere med på å styrke næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar eller regioner som opplever vesentlig reduksjon i sysselsettingen. 66,856 millionar kroner er sett av til omstilling, og blir fordelt til fylkeskommunane. 13 millionar kroner går til Innovasjon Noreg (sjå vedlegg 1). Fylkeskommunen har ansvar for omstillingsarbeid i eige fylke. I omstillingsarbeidet er det viktig med eit aktivt samarbeid mellom fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane. Innovasjon Noreg er eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt og regionalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg kan på oppdrag frå fylkeskommunane hjelpe omstillingsprosjekt i heile landet med råd, økonomisk støtte til prosjekt, rettleiing og kvalitetssikring.

6 Anna relevant innsats for fylkeskommunane

Under dette punktet har departementet lista opp relevant informasjon for fylkeskommunane om program, strategiar og arbeid som er viktig for god måloppnåing i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikken.

6.1 Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa

Departementet følgjer opp målsettinga om auka verdiskaping, med å prioritere satsinga på leverandørutvikling *Høgare opp i verdikjeda (2017-2020)*. Målet er fleire konkurransedyktige leverandørmiljø. Departementet har øyremerkt om lag 17 millionar kroner innanfor ramma til distrikts- og regionalpolitiske formål i 2019. Tiltaka i 2019 er:

- kap. 553, post 60: 9 millionar kroner til dei tre nordlegaste fylkeskommunane for kompetanseutvikling av tilsette i næringslivet gjennom etter- og vidareutdanning
- kap. 553, post 74: 4,116 millionar kroner til leverandørutvikling før auka verdiskaping, innanfor ramma til Bedriftsnettverk, levert av Innovasjon Noreg
- kap. 553, post 74: 4,116 millionar kroner til mobilisering av bedrifter, til auka bruk av FoU, innanfor ramma til FORREGION, levert av Forskingsrådet

Løyvinga til Bedriftsnettverk ble starta i 2017, og det er lagt opp til at den skal gå ut 2019. Satsinga skal gjennomførast i tett samarbeid mellom departementet, fylkeskommunane i Finnmark, Troms og Nordland, Sametinget, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet, i tråd med regjeringa sin nordområdestrategi.

6.2 Transnasjonale og interregionale Interreg-program

Departementet finansierer, i tillegg til dei grenseregionale Interreg-programma, norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordleg Periferi og Arktis, og dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON og INTERACT. Desse programma har same overordna mål som dei grenseregionale programma, men er opne for alle i heile landet². Departementet har peika ut nasjonale kontaktpunkt³ i enkelte fylkeskommunar for programma. Desse har ei sentral rolle i å mobilisere deltakarar. Vi oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide med dei nasjonale kontaktpunkta om mobilisering av aktørar i eige fylke.

7 Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunane

Fylkeskommunane har ansvar for samfunnsutviklinga i sitt fylke, og skal føre ein politikk som fremjer regional balanse, gjennom å arbeide for verdiskaping og regional utvikling. Fylkeskommunane skal prioritere bruken av midlane i forpliktande partnerskap med verkemiddelaktørane, næringslivet og andre regionale og lokale aktørar.

7.1 Fylkeskommunane sin regionale samfunnsutviklarrolle

Fylkeskommunane har det leiande ansvaret for utvikling, samordning og oppfølging av dei regionale måla, og for strategiane regionalt. Fylkeskommunane skal òg mobilisere og samordne ulike lokale og regionale aktørar som er viktige for regional utvikling i fylket, i tråd med dei regionale måla.

7.2 Samarbeid med verkemiddelaktørane

Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med verkemiddelaktørane (Siva, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet) om mål og strategiar for

² Med unntak av Nordleg Periferi og Arktis.

³ Sjå informasjon om kontaktpersonar på www.interreg.no.

næringsutvikling i sitt fylke, og nyttar det regionale partnerskapet aktivt. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom dei ulike aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet støttar opp om avtalane som er inngått mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå.

7.3 Støtte til næringshagar og inkubatorar

Fylkeskommunane må ha ein god dialog med Siva om styring, utvikling og tilskot til næringshagane og inkubatorane, og sende kopi av alle tilskotsbrev som gjeld næringshagar og inkubatorar til Siva. Fylkeskommunane treng ikkje å melde tilskot til ESA dersom støtta er innanfor programma til Siva, men må elles sjølve vurdere om støtta er omfatta av reglane for offentleg støtte.

7.4 Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide tett med Distriktssenteret på område som styrkjer kommunane i deira arbeid med inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn jf punkt 7.5. Distriktssenteret er ein viktig kompetansepartner for fylkeskommunane når dette arbeidet skal konkretiserast og iverksettast. Distriktssenteret representerer kunnskap som kan vere relevant for dei utfordringane kommunane møter i sitt utviklingsarbeid.

7.5 Samarbeid med kommunane

Fylkeskommunane skal støtte opp under kommunane sitt arbeid med inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Kommunane har ansvar for å sikre gode levekår og eit likeverdig tenestetilbod lokalt. Dei skal samstundes vere ein pådrivar for lokal samfunns- og næringsutvikling.

8 Rapportering, evalueringar og kontroll

8.1 Registrering av rammer og tilsegner

Med unntak for Innovasjon Noreg skal alle tilskotsordningar kunngjerast på regionalforvaltning.no. Alle søkjarar må nytte dette fagsystemet for å sende inn søknader. Fylkeskommunane skal rettleie andre forvaltarar i bruk av regionalforvaltning.no, og syte for at all informasjon om tilsegna er lagt inn på rett måte, jf vedlegg 3. Registreringane er naudsynte for at departementet skal rapportere om bruk av midlane til Stortinget. For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvar for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no.

8.2 Bruk av stikkordet «kan nyttast under»

Seinast 1. februar 2020 skal den endelege ramma for kvar einskild post vere lagt inn i regionalforvaltning.no. Vi oppmodar fylkeskommunane om å ha oppdaterte rammer gjennom året i regionalforvaltning.no. Vi ber òg om ein skildrande tekst som grunnjev eventuelle endringar mellom postane.

8.3 Evalueringar og rapportering av resultat og effektar

Departementet legg opp til at fylkeskommunane rapporterer om resultat i regionalforvaltning.no når eit prosjekt blir avslutta. Registreringane i regionalforvaltning.no blir nytta av departementet til rapportering om måloppnåing til Stortinget.

Departementet ber om at fylkeskommunane melder inn evalueringar som er planlagde, sette i gang eller avslutta i 2019.

Langsiktige effektar av tiltaka vil bli målt gjennom vurderingar/evaluering. Departementet vil drøfte aktuelle problemstillingar og tema for vurdering/evaluering i dialog med fylkeskommunane.

8.4 Kontroll

Departementet ber om å få melding straks om fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltninga av midlane.

9 Fristar i 2019 og 2020

1. februar 2019	Frist for innsending av rapportar for 2018 og endelege rammer per 31.12.2018 i regionalforvaltning.no .
1. februar 2019	Frist for innsending av evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2018.
1. mars 2019	Frist for Finnmark, Trøndelag og Nordland fylkeskommunar til å sende årleg rapport om omstillingsarbeid i Sør-Varanger, Lierne og Andøy.
1. mars 2019	Frist for å sende oppdragsbrev for 2019 til Innovasjon Noreg, med kopi til departementet.
23. april 2019	Frist for innspel om omstillingsbehov i 2020.
9. mai 2019	Frist for rapportering av transportstøtte for 2018.
1. desember 2019	Frist for å sende kopi av tilskotsbrev til Siva til firmapost@siva.no .
1. februar 2020	Frist for innsending av rapportar for 2019 og endelege rammer per 31.12.2019 i regionalforvaltning.no .
1. februar 2020	Frist for innsending av evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2019.

10 Pågåande prosessar

10.1 Regionreforma

Fylkeskommunane skal styrkast som regionale samfunnsutviklarar ved at det blir overført oppgåver og ansvar frå staten til fylkeskommunane frå 1. januar 2020, jf. Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgaver til nye regioner*. Fylkeskommunen skal styrkast i 2020 ved å få oppdragsgivaransvar for fleire verkemidlar som er med å mobilisere og utvikle bedrifter og næringsmiljø i regionen, som næringshage-, inkubasjons- og mentorprogrammet, bedriftsnettverk og delar av etablerertilskotet.

Departementet vil samarbeide med fylkeskommunane og verkemiddelaktørane i 2019 for å sikre ein god modell for oppdragsstyring og gjennomføring av regionreforma.

Som varsla i meldinga vert det gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet. Gjennomgangen kan medverke til at ytterlegare oppgåver som kan styrke fylkeskommunane si rolle i å mobilisere næringslivet til dei nasjonale og internasjonale FoU-verkemidla vert flytta til fylkeskommunane.

10.2 Arbeid med ny distriktsmelding

Regjeringa arbeider med ei ny stortingsmelding om framtidas distriktspolitikk. Meld. St. 18 *Berekraftige byar og sterke distrikt* ligg til grunn for arbeidet. Regjeringa tek sikte på å legge den komande distriktsmeldinga fram for Stortinget sommaren 2019.

11 Styringsdialog om verkemiddelbruken

Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fylkeskommunane vil ha styringsdialog om bruk av midlane over programkategori 13.50 våren 2019. Departementet vil under styringsdialogen formidle forventningar, og få fram erfaringane og synspunkta til fylkeskommunane. Representantar for fylkeskommunane vil bli trekte inn i utviklinga av dialogen. Departementet er og i dialog med Trøndelag fylkeskommune om ein bilateral dialogarena om rolla som samfunnsutviklar. Erfaringa frå denne vil bli brukt inn i den årlege styringsdialogen med fylkeskommunane.

12 Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapet sitt om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lykke til med arbeidet i 2019.

Oppdragsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Anne Karin Hamre
ekspedisjonssjef (e.f.)

Ellinor Kristiansen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

13 Vedlegg

- Vedlegg 1 Statsbudsjettet 2019: Fordeling av løyving mellom fylkeskommunane
- Vedlegg 2 Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg og ENI (Kolarctic)
- Vedlegg 3 Krav og veileder til aktivitetsrapportering
- Vedlegg 4 Fordeling av løyving på programkategori 13.50 for 2019
- Vedlegg 5 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler
- Vedlegg 6 Mal for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg
- Vedlegg 7 Retningslinjer for Innovasjon Norge kap. 550. post 62 Bedriftsrettede låne – og tilskuddsordninger i distriktene.

Kopi

Distriktssenteret
Innovasjon Norge Hedmark
Innovasjon Norge Hovedkontoret
Kulturdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Norges forskningsråd
Nærings- og fiskeridepartementet
Riksrevisjonen
Sametinget
SIVA - Selskapet for industrivekst SF